



Arkitekt Mette Kyed Thorson  
Kvalen  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1037 - 17/24311

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
30.08.2017

## Førebels svar på søknad om rammeløyve - gbnr 62/14 Tofting

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 17.07.2017. Søknaden om dispensasjon vert no send på høyring til regionale styresmakter samstundes som vi etterspør tilleggsopplysningar i saka.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

#### Dispensasjon for forhold som gjeld naust

Tiltaket krev dispensasjon frå plankravet slik det er søkt om. Oppføring av naust på eigedomen vil i tillegg krevja at det vert søkt om og gitt dispensasjon frå arealføremålet som er byggjeområde for fritidsbustadar og byggjegrensa mot sjø. Vi ber om at søknaden om dispensasjon vert supplert og grunnlagt i forhold til etablering av naust dersom kommunen skal ta stilling til naustet ved handsaminga av saka.

#### Situasjonsplan påført avstandar til naust

Avstand mellom omsøkt naust og nabogrense/ nabobygg må førast på situasjonsplanen.

#### Maksimal gesimshøgde for fritidsbustad

Dokumentasjon som viser at gesimshøgda er i samsvar med punkt 2.20 i føresegnene til kommuneplanen, dvs 6,0 meter frå planert terreng, må sendast inn.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.10.2017. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### Gebyr



Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Bjørn Moe	Østre Noreidbrekka 15	5252	SØREIDGREND
Helga Wigestrands Moe	Østre Nordeidbrekka 15	5252	SØREIDGREND

**Mottakarar:**

Arkitekt Mette Kyed Thorson	Kvalen	5955	LINDÅS
-----------------------------	--------	------	--------